

Innspelskjema

Oppsummering

Innspel til temaplan

Planprogram for regional plan for areal og mobilitet

Innsendar

Eg sender inn på vegne av

Org.nr. 921244207

Namn på kommune SUNNFJORD KOMMUNE

Adresse Postboks 338

Postnummer/-stad 6802 FØRDE

Kontaktperson

Namn Trond Ueland

Telefon 91337410

E-post trond.ueland@sunnfjord.kommune.no

Innspel

Politisk vedtak

Formannskapet stiller seg bak forslag til høyringsinnspel med følgjande tillegg: #Regional Transportplan: God kommunikasjon og transportårer er viktig for å utvikle levedyktige lokalsamfunn, pulserande næringsliv og sterke bu- og arbeidsmarknader. For å møte både dagens utfordringar og framtidige behov må planarbeidet ha ei tydeleg satsing på eit transportnett som bind fylket saman. Det særleg viktig å legge til rette for både næringstransport og vegsamband som bind saman gode bu- og arbeidsregionar. I tillegg må ein arbeide for at transportårane ut av fylket har god standard, noko som styrkar næringsutvikling og mobilitet på tvers av fylkesgrenser. #

Prioriteringar.

Sunnfjord kommune forventar at Vestland fylkeskommune står fast på prioriteringane i vedteken RTP. Prioriterte prosjekt som vart sett på vent i samband med investeringsstopp i fylkeskommunen, må fasast inn att i den rekkefølge dei stod i tråd med politiske signal. #

Kommunane har ansvar for arealplanlegginga i kommunen. Regional plan for areal og mobilitet må vere på eit overordna nivå og ha ein tematikk som ikkje gripe inn i det lokale sjølvstyret i arealplanlegginga. Planen må heller ikkje danne grunnlag for motsegn i kommunale planer.#

Vi ber om at fylkeskommunen ser på alternative moglegheiter for kollektivtransport i distrikta for dei som ikkje har høve til å køyre bil, mellom anna ungdom og eldre. #

Innspel til kap 2.2.3 Transport, gods og logistikk og Kap. 2.2.4 Kollektivtransport – tekstleg del – adm. kan tilpassast dette i uttaleteksten. I Sunnfjord kommune har i tillegg til regionsenteret Førde eit naturleg logistikk- og kollektivknutepunkt der E39 som bind Vestlandet saman nord – sør møter hovudvegen mellom Nordvestlandet og Austlandet Rv5, E16 og Rv52 ved Skei. Dette krysset er det mest trafikkerte for gjennomgangstrafikk i Sogn og Fjordane. ÅDT nord for Skei på E39 er 3500, sør for Skei 3000 og aust for Skei 2000. Tungtrafikken utgjer om lag 20 % av trafikkmengda ved trafikk-krysset på Skei. I tillegg er det kring 100 bussankomstar-/avgangar frå Skei dagleg. På Skei ligg og ein av Vestlandets største energistasjonar samt døgnkvileplass for tungtrafikken og logistikkterminal for Sogn og Fjordane. Det vil være høgst naturleg at Skei vert ein del av kollektiv- og logistikk- knutepunkta i Vestland.

Vedlegg

Opplastet

Dokumenttittel	Filnavn	Størrelse
Saksutredning		NaN MB

Relevante lenker